ÅRSMØTE 2011 PÅ SOLHAUG
MÅNDAG 5. MARS 2012 kl. 19.30

Sakliste:

1. **Opning**
2. **Godkjenning av innkalling**
3. **Godkjenning av sakliste**
4. **Val av møteleiar**
5. **Val av 2 for underskrift av protokoll**
6. **Årsmelding frå styret**
7. **Gruppemeldingar**
8. **Rekneskap**
9. **Budsjett**
10. **Pause med kaffe og kaker**
11. **Utdeling av innsatspokalen**
12. **Val**
13. **Innkomne saker**
    -Kunstgrasbane
    -Lysløype

Referat:

1. Opning og velkomen ved leiar, Kjell Berge Melbybråten.
2. Godkjenning av innkalling - einstemmig godkjent
3. Godkjenning av sakliste - einstemmig godkjent
4. Val av møteleiar - forslag på leiar - einstemmig valgt
5. Val av to for underskrift av protokoll - forslag Harald Øygard og Siri Sandsengen, valgt
6. Årsmelding frå styret v/leiar - einstemmig godkjent
7. Gruppemeldingar v/leiar/gruppeleiar - einstemmig godkjent med applaus
8. Rekneskap v/leiar - einstemmig godkjent
9. Budsjett v/leiar - einstemmig godkjent
10. Pause med kaffe - takk til Onstadtunet for god kringle og kake
11. Utdeling av innsatspokalen - tildelt Siri Sandsengen, GRATULERER
    -utdeling av to treningsstipend a kr. 5.000,- til Siri Sandsengen og Harald Øygard
12. Val v/leiar i valnemnda, Ann Kristin Nybråten: (ved avstemminga var det 18 stemmeberettiga tilstades)

Navn:	Verv:	Status:	Valg:	Avstemming:	Tid:
Kjell Berge Melbybråten	Leiar	på val	ny: Jon Rabben	einstemmig valgt	2 år
Gunnar Ulstølen	Nestleiar	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Stine Rogne	Rekneskapsansvarleg	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Tove Helen Stubbene	Rekneskapsassistent	på val	ny: Elisabeth R. Kolbjørnshus	einstemmig valgt	2 år
Geir Melbye	Skrivar	på val	ny: Kristian Damstuen	einstemmig valgt	2 år
Mette Elin Gjevre	Tiltakssjef	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Per Ivar Grobakken	Varamedlem	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Kristian Damstuen	Varamedlem	på val	ny: Geir Melbye	einstemmig valgt	2 år
Ann Kristin Nybråten	Valnemnd, leiar	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Mona Christin Nygård	Valnemnd, medlem	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Pål Huset-Mathisen	Valnemnd, medlem	på val	ny: Randi Kårstad	einstemmig valgt	2 år
Oddgeir Melbybråten	Valnemnd, varamedl.	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Tor Egil Nerstad	Tiltaksgrp, medlem	på val	attval	einstemmig valgt	2 år
Randi Kårstad	Tiltaksgrp, medlem	på val	ny: Sigrun Gullaksen	einstemmig valgt	2 år
Oddbjørn Nereng	Tiltaksgrp. medlem	ikkje på val		einstemmig valgt	1 år
Eli Marit Fuglesteg	Revisor 1	på val	attval	einstemmig valgt	2 år
Randi Rogne	Revisor 2	ikkje på val	ny: Elin Hovi	einstemmig valgt	2 år

Takk til valkomiteen for vel forberedt arbeid.

Det vart delt ut blomar som takk for innsatsen til Kjell Berge Melbybråten, Tove Stubbene, Svein Høgsnes(fotballgruppa) og Kenneth Hoffmann(friidrettsgruppa).

13. Innkomne saker

-Kunstgrasbane: Geir presenterte prosjektet på vegne av kunstgrasbanekomiteen, og orienterte om arbeidet fram til no. Viste til kostnadsoverslag, finansieringsplan og tekniske baneplaner, som er med i innsendt søknad. Dette som grunnlag for spørsmål, argumentasjon og diskusjon. Det var bra og matnyttig engasjement frå alle, og bl.a. desse punkt kom fram:

- synleggjera behov og målsetting for stor kunsgrasbane
- behov for 2 elleverbaner i kommuna pga mange lag, ein bør/må ligge i Rogne
- prosjektet må ikkje gå ut over annan aktivitet pga. økonomi
- standarden på dagens grasbane blir gradvis dårlegare pga sviktande drenering
- mindre spelemidler/lite framtidsretta/dyrarare med rehab av grasbanen
- levetid kunstgras min. 20 år, god «gras»kvalitet og lett bruk av aldersbestemte lag

Kjell presenterte så planene vedr. liten kunstgrasbane ved Rogne skule, som alternativ til stor bane. Dette blir eit lite kostnadskrevjande prosjekt, og vil bli ein flott arena for skuleungane, samt som liten trenings- og kampbane.

Konklusjon:

Nye styret skal i saman med komiteen og i samarbeid med fotballgruppa og evt. styret i ØSil, analysere det reelle behov for fotballbaner i kommuna. Seta opp bruksplan for notid og antatt framtid.
Banekomiteen for stor kunstgrasbane må kvalitetssikre tala i kostnadsoverslaget, spesielt tala for rabatt og dugnad. Driftsutgifter må konkretiserast meir, gjerne med bakgrunn i andre lignande anlegg.
Finansiering spes. med tanke på sponsor, gåver og annan støtte må og dokumentrast meir.
Seta opp netto kostnad rehab grasbane mot stor kunstgrasbane.
Dette må væra gjort, og ligge til grunn for ny gjennomgang på nytt medlemsmøte på tidleg haust 2012. På dette møtet må det avklarast kva baneprosjekt Rogne il skal satse på for framtida.

-Lysløype: Kjell orienterte om status for alternativa for evt. ny lysløype. Alternativet i Solhauglia ligg etter alt å dømme veldig langt fram i tida, pga. vanskar med grunnerhverv. Då står vi att med alternativet nedanfor riksvegen i tilknytning til grasbanen. Kan til nød få nytte dagens lysløype eit par sesongar til. Moment som kom fram under diskusjonen, var:

- kva er det eigentlege behovet utanom torsdagar i vinterhalvåret
- må væra lett tilgjengelg for barnehagen og skula
- andre alternativ enn lysløype, td. skicross, skisprint, skileiken. Altså utnytte tilgjengeleg areal rundt barnehage og skule, tenke nytt !?
- målsetinga er vel å auke skiferdigheitene generellt
- samarbeid i dag med Skrautvål ifm klubbrenn og Beitstølen skistadion ifm kretsrennet

Konklusjon: Nye styret skal i saman med skigruppa vurdere vidare alternative muligheiter.

Frammøtte:

Frå styret: Kjell Berge Melbybråten, Gunnar Ulstølen, Per Ivar Grobakken, Kristian Damstuen, Geir Melbye.
Frå gruppene: Kenneth Hoffmann, Svein Høgsnes.
Frå valnemnda: Ann Kristin Nybråten.
Andre: Åge Sandsengen, Kjell Magne Skatteboe, Jon Rabben, Morten Myrvold, Håvard Nyhagen, Bjørn Einar Thon, Irene Øygard, Harald Øygard, Siri Sandsengen, Svein Erik Lunde.

Avtroppande styreleiar takka alle for vel utført jobb og innsats, overrakte klubba til nye leiaren og ynskte det nye styret lykke til framover.

Ref. v/skrivar

Rogne, dato 5. mars 2012

Leiar, Rogne il _____

Underskrift 1 av protokoll: Siri Sandsengen
Siri Sandsengen

Underskrift 2 av protokoll: Harald Øygard
Harald Øygard